



Klokka 18 i kveld kjem ei klasse med 29 elevar og tre lærarar ved KVV heim att til Kvinnherad etter ei besværlig retur-reise frå Berlin på grunn av flyforbodet.

Blant elevane har det vore 2 uskedelingar , Karoline Neset og Nikolai Myklebust.

Då uskedalen.no hadde kontakt med henne ved 9-tida i føremiddag var gruppa kome fram til Oslo og Karoline innrømte at ho og dei andre var skikkeleg trøytte.

KVV-gruppa skulle eigentleg ha returnert frå ein innhaldsrik ekskursjon med fly klokka 13 fredag, men i staden måtte dei i første omgang satsa på tog. Heimreisa starta klokka 10 fredag føremiddag. Etter 4 timars ventetid på Berlin Hauptbahnhof kom dei avgarde.

Frå Tyskland til Danmark reiste dei med båt og så bar det vidare med buss via Sverige. Siste etappe vil gå med Haukeli-ekspressen.

Nokre av elevane skulle vore på jobb i dag, men det var altså ikkje mogeleg.

På билетet over ventar gruppa på Hauptbahnhof i Berlin.

(Foto: Andrea Albrethson)